



## Møteprotokoll

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 08.06.2021

**Møtestad:** Kantina på rådhuset

**Møtetid:** 15:30 - 16:30

Til dette møtet er det meldt inn:

1. Trafikksikringsplanen.

Universell tilgang, fortau, fotgjengarovergangar.

Brev frå Mette Ekornrød, ligg under orienteringssaker.

2. Austrheim kommune sin administrative organisasjonsplan.

Konkretisering av korleis saksgangen "flyt" i organisasjonen.

Kven rapporterer, og til kven.

3. Leiar for Arbeidssenteret. Arbeidsinstruks/oppgåver og status i saka.

Britt Silvia Erstad Marøy orienterer (referat frå tidlegare handsaming ligg under meldingar).

Frammøtte medlemmer	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	Medlem
Helge Dyrkolbotn	Medlem
Anny Helene Sætre Bertelsen	Medlem
Mette Ekornrød	Medlem
Odd Sigvald Øksnes	Utdalsleiar
Ivar Bergsvik	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Britt Silvia Erstad Marøy, Ketil Tjore

---

Austrheim 22. juni 2021

Odd Sigvald Øksnes  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
006/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
007/21	Godkjenning av møteprotokoll
009/21	Meldingar
009/21.1	Melding om vedtak - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sine tankar om Arbeidssenteret i framtida
008/21	Orienteringssak
002/21	Innspel om trafikksikring, trygg skuleveg, Krossvegen - Sætre

## **006/21: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **08.06.2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Handsaming i rådet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **RMNF - 006/21 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **007/21: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **08.06.2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Handsaming i rådet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **RMNF - 007/21 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **009/21: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

## **08.06.2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Denne meldinga var vedlagt i samband med at Britt Silvia Erstad Marøy skulle orientera om arbeidssenteret. Hennar innspel er noterte under orienteringar.

Handsaming irådet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **RMNF - 009/21 VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

### **009/21.1: Melding om vedtak - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sine tankar om Arbeidssenteret i framtida**

Framlegg:

Handsaming:

Vedtak:

---

---

### **008/21: Orienteringssak**

Rådmannen sitt framlegg:

## **08.06.2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Leiar for avdeling Arbeid og inkludering (mellan anna drifta av Arbeidssenteret), Britt Silvia Erstad Marøy, var bedt om å delta i møtet. Ho orienterte om arbeidet vidare med drifta av arbeidssenteret. Etter at ho starta i jobben er det gjort ein del med arbeidssenteret og drifta.

- Har mala nokre av romma.
- Har laga ein ansvarsplan for den vekfaste drifta.
- Jobbar med oppsett over faste oppgåver.

Nokre oppgåver dei har no:

- Vaskar bilen kvar måndag (Aufera-bilen)
- Er i drivhuset dagleg
- Vatnar blomane rundt kommunehuset
- Makulasjon
- Plenklipping
- Handling
- Lagar ved/tennbrikettar

Dei tilsette lagar arbeidshefte med individuelle oppgåver som dei ulike brukarane har å arbeida med, når det ikkje er praktiske arbeidsoppgåver å halda på med.

Oppgåver/aktivitetar dei ønskjer å komma i gang med:

- Vil komma i gang med bossplukking, er kjøpt noko utstyr til dette og skal kjøpa eigne arbeidsklede til dei som skal jobba med dette.
- Ønskjer å overta distribusjon av internposten
- Trim/musikk og basseng er på lista
- Låna bøker frå biblioteket og bruka det aktivt på arbeidssenteret.
- Har bestilt prosjektor til bruk i trimmen
- Ipad bestilt
- Startar i dag med produksjon av skilt over gards- og bruksnummer.

Ann Kristin Leirvåg viste til at det var diskutert i formannskapet om ein kunne leiga seg inn på tidlegare Fonnes Senter, som erstatning for dagens bygg. Formannskapet har tenkt at ordførar Per Lerøy, leiar for avdeling Arbeid og inkludering Britt Silvia Erstad Marøy, og ein representant frå RMNF kunne vera med på ei synfaring på det bygget.

Britt Silvia Erstad Marøy sa at det hadde vore bra med større plass, som dessutan vil vera på eitt plan. Kunne der fått plass til produksjon og sanserom.

Var litt diskusjon kring plasseringa, det talar for Fonnes at det er nære basseng, og kan vera bra å ha arbeid ein annan plass enn bustaden (mange på Vestlia). Er litt utfordrande med transport, men det er behov for eit kjøretøy uansett med dei oppgåvene som er tenkt.

Anny Helene Sætre Bertelsen spurte om det er laga individuell plan for brukarane. Britt Silvia Erstad Marøy svara at dette vert det jobba med.

---

Møtesekretær Ketil Tjore orienterte om saksgangen i kommunen, mellom anna korleis informasjonsflyten går. Postmottaket er felles mottakspunkt for all korrespondanse inn på huset, anten det er brev eller e-post ([post@austrheim.kommune.no](mailto:post@austrheim.kommune.no))

Møtesekretæren fekk i heimelekse å laga til eit boksoppsett som viser organiseringa av det kommunale tilbodet, og administrasjonen.

Handsaming i rådet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **RMNF - 008/21 VEDTAK:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

## **002/21: Innspel om trafikksikring, trygg skuleveg, Krossvegen - Sætre**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådet støttar at innspelet frå Mette Ekornrød må prioriterast, og ønskjer at kommunen sender ei tydeleg melding til fylkeskommunen om at det må gjerast noko med gang/sykkelveg på dette strekket.

### **08.06.2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Fellesframlegg foreslått av: Odd Sigvald Øksnes

Rådet støttar at innspelet frå Mette Ekornrød må prioriterast, og ønskjer at kommunen sender ei tydeleg melding til fylkeskommunen om at det må gjerast noko med gang/sykkelveg på dette strekket.

Mette Ekornrød har komme med eit innspel til trafikksikringsplanen, om fortau på eit strekk av fylkesveg 565. Ekornrød viste til at ein kan visa til FFO, diskrimineringsnemnd, media med fleire, for å få trykk på denne saka.

Møtesekretæren viste til kvar på nettsida ein kan finna innspela frå dei ulike i samband med trafikksikringsplanen (innspelet frå Ekornrød ligg også der).

Ligg på nettsida på denne linken: <https://www.austrheim.kommune.no/innhald/politikk-og-administrasjon/offentlege-hoyringar/oppstart-av-arbeid-med-kommunal-trafikksikringsplan-i-austrheim-kommune---innspel/>

Møtesekretæren viste til arbeidet som er gjort med revisjonen for trafikksikringsplanen, og legg ved liste over innspela saman med møtereferatet:

- *Trygg Trafikk - Innspel til revisjon av trafikksikringsplan*
- *Marielle S. Storebø - Forbetre trafikksikkerhet Austrheim Kystbarnehage*
- *Fonnes bygdelag - Innspel til trafikksikringsplan*
- *Austrheim kvinne- og familielag - Innspel til trafikksikringsplan*
- *Vestland fylke - Svar på varsel om oppstart av kommunal trafikksikringsplan*
- *Ivar Bergsvik m/fleire - Innspel til trafikksikringsplan*
- *Austrheim NFU - Innspel til kommunal trafikksikringsplan i Austrheim kommune*
- *Kvalvågen grendalag - Innspel til trafikksikringsplanen*
- *Fonnesstraumen velforening - Innspel til trafikksikringsplan*
- *Marita Bru - Innspel til trafikksikringsplanen*
- *Asbjørn Brandtun - Innspel til trafikksikringsplanen*
- *Per Lerøy - Innspel til trafikksikringsplanen*
- *Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) - Innspel til trafikksikringsplanen*
- *Kilstraumen brygge - Innspel til trafikksikringsplanen*
- *Eldrerådet 150421 - Innspel til trafikksikringsplanen*
- *FAU Kaland barne og ungdomsskule - innspel til trafikksikringsplan*

- *Ungdomsrådet - innspel til trafikksikringsplanen i Austrheim kommune*
- *Gunnar Gullaksen - innspel til Trafikksikringsplan for Austrheim*
- *Veglys ved vegen til Furuly/eldrebustadar - Brev frå innbyggjarar knytt til Furulyvegen*
- *Kommentarer til kommunedelplan for trafikksikring 2016-2023 - Bussjåførane på Mastrevik Trafikkstasjon*
- *Innspel frå elevar på Årås skule*
- *Innspel frå 5. klasse på Kaland skule*
- *Innspel om trafikksikring, trygg skuleveg, Krossvegen - Sætre*

Det var diskutert litt kring arbeidet med gang/sykkelveg. Kommunen har reguleringsplanar for gang/sykkelveg gjennom heile kommunen, på dei strekka der dette manglar. Men det er fylkeskommunen som må bygga dette langs fylkesvegane.

Handsaming i rådet:

Samrøystes for leiaren sitt framlegg til vedtak

**RMNF - 002/21 VEDTAK:**

Rådet støttar at innspelet frå Mette Ekornrød må prioriterast, og ønskjer at kommunen sender ei tydeleg melding til fylkeskommunen om at det må gjerast noko med gang/sykkelveg på dette strekket.

---